



Alexander Øglend

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1765 - 17/12722

Saksbehandlar:  
Katarina Birkeland  
katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:  
13.11.2017

## Referat frå ungdomsrådmøte 18.oktober

**Møtestad: Kommunestyresalen**

**Møtetid: Kl. 15.00-17.30**

### Deltok på møte:

Denis Dudsjenko 8 B	Preben Thomassen frå 1.VGS
Frøya Soltveit Gabrielli frå 8 C	Kamila Brzostowicz frå 1.VGS
Sander Lunde frå 9 A	Joakim Hjørnevåg frå 2.VGS
Elise Skråmestø frå 9 B	Rebecca Sætre frå 2.VGS
Daniel Gjelsvik Kaland frå 10 A	Steffen Vestheim Sævdal frå 2.VGS
Mathias Sævdal Bere frå 10 B	Alexander Øglend frå 2.VGS
Jakub Stasiak frå 10 C	Susanne Sævdal Bere frå 3.VGS
Marte Vågenes Solheim Frå 1.VGS	

### Vara som deltok:

### Deltok ikkje på møte:

Representant	Vara deltok
Emilie Haukeland frå 8 A	
Maria Stevnebø Rye frå 2.VGS	

**Møteleiar** Leiar Alexander Øglend

**Ordstyrer:** Nestleiar Susanne Sævdal Bere

**Møtte frå administrasjonen** Ungdomskoordinator Katarina Birkeland

### Sakliste:

### **34/17: Godkjenning av innkalling og referat**

Innkallinga og referat vart godkjent.

### **35/17: Risiko og sårbarheit ved Harald Stanghelle**

Harald Stanghelle og Eli Bjørklid deltok frå administrasjonen. Radøy kommune skal lage ein rapport om risiko og sårbarheit i Radøy kommune ved eventuelle svikt som kan oppstå som visst teknologien svikter eller straumen går. Dei ynskjer at ungdomsrådet diskuterer ulike tema som kan oppstå i samfunnet og løysningar som kommunen kan forberede seg på.

Representantane arbeidet i arbeidsgruppene sine og låg svara fram for dei andre på slutten.

#### **Tema ungdomsrådet var opptatt av var:**

- Reserve generatorar på kommunale bygg som rådhuset og velferdssenteret.
- Ta i bruk eldre metodar som var brukt før i tida. Lære den yngre generasjonen metodar som kan brukas og la dei eldre dele kunnskapen sin med dei yngre og kva folk gjorde før teknologien oppstod.
- Ved matmangel på grunn av til dømes storm, ha ein plass der mat kan leverast ut.
- Lokalbefolkninga vert flinkare til å passe på kvarandre og sterke nabokjensler. Me vert flinkare til å tenke på naboen og dei rundt oss i eventuelle kriser. Hjelp og støtte kvarandre. Til dømes med eldre naboar som bur aleine.
- Signalpistoler eller ein type nødsignal. Visst teknologien er nede kan signalpistoler brukas ved krise til å få hjelp. Til dømes visst tlf er nede, Internett er nede, alarmknappar fungerer ikkje.
- Straumledningar under bakken.
- Solenergi.
- Fleire hybridbiler i kommunen. Ikkje berre ha el-biler.
- Eit budsjett i kommunen for nødtilsette sånn at skulle det skje ein situasjon så kan ein ha fleire ansatte i arbeid. Til dømes i heimesjukepleiene ved ein krisesituasjon, storm der straumen har gått.
- Kriserom for eldre. Ved straumbrudd, kan ein samle dei eldre som har behov for hjelp.
- Kriserom for alle som eit tilfluktsrom.
- Fleire førstehjelpskurs for alle sånn at ved ulike situasjonar så har fleire kunnskapen til å hjelpe andre og kan stille opp som frivillige.
- Ein eller fleire informasjonstasjoner som folk veit om, der ein kan få informasjon og hjelpen som ein treng i ein situasjon.
- Rådhuset kunne hatt ein sum med kontantar der folk kunne låne kontantar direkte frå kommunen, til å eventuelt få kjøpt seg mat på butikken visst ikkje bankterminalen fungerer.

### **36/17: Nettverksamling**

Ungdommens fylkesutval arrangerer nettverksamling laurdag 4. og søndag 5. november. 2 deltakarar kan delta på samlinga på Kokstad. Nestleiar Susanne Sævdal Bere informere om kva samlinga går ut på. Arbeidsutvalet ynskjer at deltakarar skal vere frå VGS, på grunn av ulike situasjonar som skjedde på ungdommensfylkesting tidlegare i år der det var fleire svikt frå arrangørane si side.

Rebecca Sætre og Kamila Brzostowicz deltar på nettverksamlinga.

### **37/17: Motivasjonspris og organisatorpris**

Radøy ungdomsråd delte ut to prisar i 2016 saman med idealnett As til to ungdommar som utmerka seg i ungdomsmiljøet på Radøy og i lokalmiljøet. Ein motivator- og ein organisatorpris. Ungdomsrådet sett saman ein komité som jobbar med prisen og får sponing av ei bedrift.

To prisar skal utdeles i 2017 på familiedagen i Radøyhallen søndag 10. desember.

Leiar Alexander Øglend deltar i komiteen. Han ynskjer også at leiar i klubbstyret til ungdomsklubben skal delta, Steffen Vestheim Sævdal som også er representant i Radøy ungdomsråd. Ungdomsrådet er einig med dette. Representantane Marte Vågenes Solheim, Daniel Gjelsvik Kaland, Mathias Sævdal Bere, Frøya Soltveit Gabrielli og Jakub Stasiak vert med i komiteen. Kontaktperson for ungdomsrådet, ungdomskoordinator Katarina Birkeland vert mentor for komiteen.

### **38/17: Felles ungdomsrådsamling med Lindås og Meland**

Kontaktpersonane til ungdomsrådet i Radøy, Meland og Lindås ynskjer ein felles ungdomsrådsamling for ungdomsråda i Lindås, Meland og Radøy. Tema for samlinga er storkommunen Alver. Ungdomsrådet er positivt til ei stor samling for å vere tidleg ute å påverke prosessen rundt ungdomsmiljøet i kommunane i storkommunen og ungdomsråda si rolle. Kontaktpersonen jobbar vidare med samlinga.

### **39/17: Ymse**

#### **- Korleis gjekk leseglede i barnehagane**

Frøya og Daniel deltok på leseglede i nynorskdagane og informerte om korleis dette var gått. Tre representantar frå ungdomsrådet og ungdomskoordinatoren hadde leseglede på tre barnehagar. Både representantane og barnehagane var positive til opplegget.

#### **- Ung data undersøking 2017**

Susanne Sævdal Bere deltar på ei stor samling i Nordhordland fredag 20. oktober. Her går kommunane igjennom resultatane av ung data undersøkinga.

#### **- Temadagen for psykisk helse på ungdomsskolen**

Representantar frå ungdomsrådet deltar på temadagen fredag 20. oktober på ungdomsskolen for å markere verdensdagen for psykisk helse. Ungdomskoordinatoren informerer om opplegget.

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alexander Øglend

Daniel Gjelsvik Kaland

Denis Dudsjenko

Elise Skråmestø

Emilie Haukeland

Frøya Soltveit Gabrielli

Jakub Stasiak

Joakim Hjønnevåg

Kamila Brzostowicz

Maria Stevnebø Rye

Marte Vågenes Solheim

Mathias Sævdal bere

Preben Thomassen

Rebecca Sætre

Sander Lunde

Steffen Vestheim Sævdal

Susanne Sævdal Bere